



FYLKESMANNEN I SOGN OG FJORDANE

Sakshandsamar: Haavard Stensvand
Telefon: 57643010
E-post: fmsfhst@fylkesmannen.no

Vår dato
12.08.2013
Dykkar dato
08.05.2013

Vår referanse
2013/2221 - 350
Dykkar referanse

Justis- og beredskapsdepartementet
Postboks 8005 Dep
0030 OSLO

Høyringsuttale til NOU 2015:5 «Når det virkelig gjelder»

Vi viser til dykkar brev av 8. mai, der vi vert invitert til å uttale oss rapporten frå utvalet som har sett på organisering m.v. av dei statlege vernepliktbaserte forsterkingsetatane.

Statleg forsterkingsressurs i éin eller to etatar

Vi har ingen merknad til utvalet sine drøftingar av politireserven, og forslaget om å leggje ned denne.

Vi har mindre motførestellingar mot ei samanslåing av Heimevernet og Sivilforsvaret enn utvalet har. Det viktigaste er å sikre at det fins ein tilstrekkeleg slagkraftig, kompetent og godt utstyrt statleg forsterkingsressurs, som kan setjast inn når det oppstår hendingar som andre styresmakter treng hjelp for å handtere. Vi trur at det for brukarane betyr lite om hjelpa kjem frå HV, Sivilforsvaret, eller ein fusjonert etat.

Som det vert peika på i rapporten, føregår det mange endringsprosessar samstundes innanfor justis- og beredskapsområdet. Vi trur at det er ein fare for at desse prosessane ikkje vert sett godt nok i samanheng. Det er heller ingen grunn til å tru at dette er siste gong det vert diskutert korleis norsk beredskap skal organiserast. Med éin felles statleg forsterkingsetat, kan det vere lettare å sjå kva praktiske følgjer framtidige omorganiseringar vil få for brukarane. Desse konsekvensane er vanskelegare å sjå når til dømes endringar i tal distrikt/område og styrkeressursar i Sivilforsvaret eller HV vert sett på isolert for den enkelte etat.

Omfang og plassering av personellressursar og utstyr

Det vert føreslått ein sterk reduksjon av talet tenestepliktige mannskap i Sivilforsvaret. Vi har ikkje føresetnader for å vite om dette vil bidra til at etaten vert sitjande att med ein stryke som gjer den betre stand til å utføre oppgåvene sine. Vi vil likevel understreke at det er viktig å unngå at styrkereduksjonen fører til ei sentralisering av tenester, slik at Sivilforsvaret kan verte mindre i stand til å gi rask hjelp over alt.

Det hjelper lite å ha mobile personellressursar, dersom den infrastrukturen som skal brukast for å skape mobilitet ikkje fins. Seinast under uvêret Dagmar i 2011 braut vegnettet i Sogn og Fjordane fullstendig saman. Liknande situasjonar oppstår med jamne mellomrom i vårt vêrutsette fylke. Flytting av ressursar kan då vere ei svært vanskeleg oppgåve, sjølv over relativt korte avstandar.

Under Dagmar ytte Sivilforsvaret viktig hjelp til kommunane i form av utstyr. I dette tilfellet gjaldt dette først og fremst satellittelefonar og mobile aggregat, som var transportert til fylket frå eit lager på Starum i Oppland. Det har i ettertid vore ein viss diskusjon om plasseringa av slike ressursar.

Hovudkontor
Njøsavegen 2, 6863 Leikanger
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 65 33 02
Org.nr 974 763 907

Landbruksavdelinga
Fjellvegen 11, 6800 Førde
Postboks 14, 6801 Førde
Telefon: 57 64 30 00
Telefaks: 57 82 17 77

E-post:
fmsfpost@fylkesmannen.no
Internett:
www.fylkesmannen.no/sfj

I drøftingar av den framtidige strukturen er det viktig å sjå på korleis materiellressursar kan få ei mest føremålstenleg plassering, og der det ikkje vert lagt til grunn at vegar og andre delar av transportnettet alltid kan brukast.

Utvalet seier at det er eit kjenneteikn ved naudetatane og kommunane at beredskapsarbeidet er dimensjonert for å handtere dei daglege hendingane, og lokale og kvardagslege risikobilde er i stor grad avgjerande for korleis verksemda er innretta.

Drøftingane av korleis beredskapen kan verte betre etter terrorhendingane 22. juli 2011, har i stor grad handla om at styresmaktene må vere i stand til å handtere veldig store hendingar. Det er ein fare for at planlegging for å møte dei største katastrofane kan overskygge trongen for å planlegge òg for dei meir kvardagslege utfordringane. Vi trur at lokalkunnskap og lokal forankring må vere viktige element i organiseringa av all type offentleg beredskap, inkludert statlege forsterkingsressursar, i framtida òg.

Dei frivillige organisasjonane

Vi er glad for utvalet si understreking av dei frivillige organisasjonane si rolle som sentral forsterkingsressurs. Den frivillige dugnadsinnsatsen betyr veldig mykje i lokalsamfunna. Innsats i ettersøking- og redningstilfelle er ein viktig del av dette, men det betyr mykje på andre område òg. Under Dagmar var t.d. Røde Kors ein svært viktig ressurs for Stryn kommune, og bidrog med sambandsstøtte, mannskap til spreining av informasjonsmaterieil m.v. Ein av fordelane til dei frivillige organisasjonane er den lokale forankringa.

Det må vere ei viktig offentleg oppgåve å stimulere organisasjonane i si verksemd. Økonomisk støtte er ein ting, men å anerkjenne innsatsen gjennom t.d. å invitere relevante organisasjonar inn i det kommunale beredskapsrådet, vil og vere ein viktig stimulus.

Norsk beredskap som eit lappeteppe?

Rapporten drøftar problemstillingar knytt til at det er mange små aktørar i beredskapsarbeidet, gjerne med ulike geografiske grenser. Vi støttar fullt ut forslaget om å bruke fylkesgrensene som geografiske ansvarsgrenser for forsterkingsressursen, og ser svært gjerne at det i framtidige reformer på fleire område vert gitt føringar for å bruke desse.

Desto fleire aktørar som er inne i bildet, desto større er trongen for ei koordinering mellom desse. Trongen for betre koordinering er òg ein av dei aller viktigaste lærdomane frå 22. juli.

Vi har svært gode erfaringar med å bruke fylkesberedskapsrådet aktivt under kriser. På same måte kan kommunalt beredskapsråd vere eit viktig forum for å sikre tilstrekkeleg koordinering i den enkelte kommune. I større redningstilfelle kan meir aktiv bruk av den kollektive redningsleiinga/samverkerådet vere ein måte å sikre tilstrekkeleg koordinering.

Vi har forstått at ein ny instruks for redningstenesta er på trappene. Vi har eit inntrykk av at dette har vore ein intern prosess sentralt i justissektoren, og vi er ikkje kjent med at fylkesmennene har vore invitert til å uttale seg. Vi meiner at det i arbeidet med instruksjonen m.a. vil vere viktig å sjå på grenseflata mellom redningstenesta sitt ansvar, og det ansvar for krisehandtering som kommunane og Fylkesmannen har. Det kan vere ein god start på betre koordinering at dei som skal koordinere og koordinerast får høve til å sjå på, og uttale seg om instruksverket.

Kven avgjer bistand?

I gitte tilfelle vil evna til å gi bistand vere mindre enn trongen tilseier. I slike tilfelle vil det difor vere viktig å prioritere ressursane på ein god måte. Under Dagmar såg vi at det var

konkurransen om knappe ressursar, og drøftingar av prioritering av ressursar var ein viktig del av møta i fylkesberedskapsrådet.

Sjølv om mange ulike instansar kan be om bistand, trur vi at det bør etablerast rutinar som sikrar at Fylkesmannen og politimeisteren får særlege fullmakter til å prioritere bruken av statlege forsterkingsressursar under kriser.

Tydeleg leiing integrert i DSB

Utvalet tilrår at det vert etablert tydeleg leiing av Statens beredskapsstyrke, integrert i DSB. Grunngevinga er primært trongen for eit tett og godt koordinert samarbeid mellom dei avdelingar i DSB som er fagleg overordna Fylkesmannen, og dei som regulerer brann- og redningsvesenet.

Vi har sjølv erfart ved nokre høve at det er trong for ei betre koordinering mellom fagavdelingane i direktoratet, og vi støttar difor utvalet si tilråding.

Nammeval

Vi syns ikkje namnet «Statens beredskapsstyrke» er noko godt namn. Staten må framleis har styrkar som handterer beredskap innanfor mange etatar, og syns ikkje at det er naturleg at den etaten som skal forsterke primærressursane bør ha dette namnet.

Vi kan ikkje sjå at det er noko problem å gjere endringar i Sivilforsvaret, utan å måtte endre på eit namn som er både innarbeidd og vel anerkjent.

Avgrensingar mot Fylkesmannen sine oppgåver

Utvalet meiner at Sivilforsvaret må ha oppgåver som ikkje berre gir effekt i handteringsfasen, men både før, under og etter ei hending. Ein del av oppgåvene som vert nemnt grenser opp mot Fylkesmannen sine. I tilfelle Sivilforsvaret skal endrast både i struktur og arbeidsoppgåver, er det nødvendig å avklare grenseflatene mot fylkesmennene.

Med helsing

Anne Karin Hamre

Haavard Stensvand
Fylkesberedskapssjef

Brevet er godkjent elektronisk og har derfor ikkje underskrift.